


Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Bøvågen 10.01.2018

Merknad til Kommunedelplan for Bø - PlanID: 12602016000100

Planforslaget syner strandsone på heile min eigedom G.nr.25 B.nr.11 når det gjeld området sør for Bøtjørna – (sjå vedlagte kart markert med raud linje). Heile dette området både når det gjeld dalen og flata ovanfor er overflate/fulldyrka jord som det i 2016 vart inngått jordleigeavtale med Morten Christensen som gjeld fram til 2027. Området er heller ikkje eit naturleg tur eller friluftsområde bortsett frå at det om vinteren er nytta tidvis som akebakke , noko ein sjølv sagt alltid er velkomen til. Skulle det i framtida verta tale om tursti/gangveg rundt vatnet (nedre del av eigedomen) stiller eg meg sjølv sagt positiv til dette. Eg ber difor kommunen ta omsyn til at dette er eit jordbruksområde slik at dette vil koma fram i revidert planforslag.

Med helsing



Eigar av G.nr.25 B.nr.11

Knut Helge Haugland

Radøyvegen 2617

5937 Bøvågen

Vedlegg : Kart over eigedomen